

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

| Styre, utval, del. vedtaksmynde. | Møtedato | Saksnr |
|----------------------------------|------------|---------|
| Heradsstyret | 08.06.2016 | 46/2016 |

| | | | |
|---------------------------|---------------------------|-----------------------|---------------------------|
| Saksansv.: Borge, Solfrid | Arkiv: N - 009 Objekt: | J.post id. 16/5683 | Arkivsaknr 14/806 - 96 |
|---------------------------|---------------------------|-----------------------|---------------------------|

Kommunestruktur

Vedlegg:

| Dato | Tittel | Dok.nr |
|------------|--|--------|
| 30.05.2016 | Resultat | 209017 |
| 29.08.2015 | Kommunestruktur. Utgreiingsspørsmål | 166353 |
| 11.08.2014 | Framlegg frå hst 30.06-14 i sak: Kommunestruktur. Utgreiingsspørsmål | 168639 |
| 29.08.2015 | Kommunestruktur. Arbeid med utgreiingar. | 175142 |
| 05.12.2014 | Prosjektomtale og mandat for Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Granvin | 175203 |
| 05.12.2014 | Prosjektomtale og mandat for Odda, Jondal, Ullensvang og Kvam | 175269 |
| 22.12.2014 | Framlegg frå hst: Kommunestruktur. Arbeid med utgreiingar. | 176121 |
| 29.08.2015 | Kommunestruktur. Utgreiing av nytt alternativ for Hardanger kommunane | 180906 |
| 12.03.2015 | Framlegg frå HST 02.03.15 | 181981 |
| 04.03.2016 | Sak om kommunereform/intensjonsavtalar | 201908 |
| 23.02.2016 | Intensjonsavtale Sør | 202004 |
| 23.02.2016 | Intensjonsavtale Nord | 202006 |
| 14.03.2016 | Framlegg frå HST 29.02.16, i sak; Sak om kommunereform / intensjonsavtalar | 203733 |
| 26.04.2016 | Intensjonsavtale Sør - godkjenning av endringar | 205351 |
| 26.04.2016 | Intensjonsavtale Sør 11.04.2016 | 205405 |

Endeleg vedtak i:
Heradsstyret

Saksutgreiing:

Ullensvang herad har, som dei andre kommunane i Noreg, fått i oppdrag å ta stilling til kommunestruktur, med eit eventuelt vedtak om samanslåing innan utgangen av juni 2016.

Regjeringa la 14. mai 2014 fram Kommuneproposisjonen for 2015 (prop 95s.)

I proposisjonen er innhaldet i kommunereforma nærmare skissert og prosessane med kommunreformarbeid starta opp i kommunane i Noreg.

Ullensvang heradsstyre gjorde vedtak om å starta arbeid med utgreiing av mogleg framtidig samanslåing i HST-030/14:

Ordførar får fullmakt til å starta arbeid med utgreiing av mogleg framtidig samanslåing mellom Ullensvang, Granvin, Eidfjord og Ulvik herad som eitt alternativ i denne utgreiingsprosessen. Ullensvang heradstyre ynskjer parallelt å utgreia alternativ Odda, Jondal og Ullensvang. Ordføraren får fullmakt til å gå i dialog med Odda og Jondal kommune.

Ullensvang har soleis i tida etterpå teke del i to utgreiingsarbeid:

- 1) *Utgreiing i nord: Mogleg samanslåing av Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin*
- 2) *Utgreiing i sør: Mogleg samanslåing av Ullensvang, Odda og Jondal.*

Utgreiingsarbeidet var førespeglia og ha tre fasar før ei endeleg avgjerd :

1. *Administrativ utgreiing*
2. *Intensjonsavtalar, politisk forhandling*
3. *Høyring / innbyggjarinvolvering*

Ullensvang heradsstyre gjorde følgjande vedtak i HST-069/14:

1. *I samband med saka om kommunereform vert det nedsett ei styringsgruppe som på vegne av heradsstyret skal ha ansvaret for arbeidet med dei politiske forhandlingane med kommunane i utgreiingsarbeidet i sør (Odda og Jondal) og i nord (Ulvik, Eidfjord og Granvin (punkt 2 ovanfor). Styringsgruppa skal også ha ansvaret for arbeidet med å høyra, inkludera og involvera innbyggjarane i Ullensvang herad i både utgreiingane (punkt 3 ovanfor).*

2. *Styringsgruppa skal ha følgjande medlemmer:*

- a. *Ordførar (leiar)*
- b. *Gruppeleiar Høgre*
- c. *Gruppeleiar Venstre*
- d. *Gruppeleiar Kristeleg Folkeparti*
- e. *Gruppeleiar Arbeiderpartiet*
- f. *Gruppeleiar Sosialistisk Venstreparti*
- g. *Gruppeleiar Senterpartiet*

3. *I forhandlingane med kommunane i nord og kommunane i sør er ordførar heradet sin forhandlar og kontaktperson. Styringsgruppa utnemner eventuelle ytterlegare personar som skal delta i forhandlingane om dette vert aktuelt.*

I den same heradsstyresaka vart prosjektmandat for administrativ utgreiing lagt fram (fase 1). Det vart mellombels tilsett ein prosjektkoordinator for utgreiinga i Nord og ein i Sør.

Den administrative utgreiinga tek for seg, og samanliknar dei ulike elementa i ein kommune som til dømes tenestetilbod og økonomi.

Den administrative utgreiinga for Nord og Sør vart lagt fram på eit felles kommune/heradsstyremøte i Eidfjord den 22. juni 2015. Utgreiinga ligg på heradet si heimesida i saman med annan informasjon om kommunereformarbeidet :
http://www.ullensvang.hera.no/index.php?option=com_content&view=article&id=892&Itemid=256

Den vidare prosessen, og forhandlingane, start for fullt på nyåret 2016 og ein kom i gang med intensjonsavtalar (fase 2). Forhandlingsutval og styringsgruppene hadde fleir møter utover våren før ein kom fram til innhaldet i intensjonsavtalane. Som styringsgruppa så godkjente før dei vart framlagt heradsstyret til endeleg godkjenning.

Ullensvang herad vedtok i heradsstyresak 018/16 to intensjonsavtalar: Ein mot Sør for Odda, Jondal og Ullensvang, og ein mot Nord med Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang.

«Heradsstyret godkjenner intensjonsavtalane i Nord og Sør slik dei ligg føre med fylgjande tillegg:

Nytt punkt i intensjonsavtale sør, 6.9 Innvandrarsenteret:

Kompetansesenter for flyktningar og asylsökjarar for heile den nye kommunen skal ligge i Kinsarvik.

Avtalane vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med kommunereforma Dersom nokon av kommunane som er med i intensjonsavtalane trekkjer seg frå avtalane, har heradsstyre v/forhandlingsutval/styringsgruppa fullmakt til å forhandla vidare med dei kommunane som ynskjer å gå vidare med kommunereformarbeidet.»

Etter dette vedtaket vert det gjort mindre justeringar i intensjonsavtale Sør, som så vart handsama i heradsstyresak 33/2016 :

«Heradsstyret godkjenner endringane i intensjonsavtalen i Sør slik dei ligg føre.»

Intensjonsavtalane er bygd på same leid, under vises nokre av dei mest sentrale skilnadane i innhaldet i intensjonsavtalane :

| Ulvik, Granvin, Eidfjord og Ullensvang | Odda, Jondal og Ullensvang |
|---|-----------------------------------|
| Navn: Hardanger/Ullensvang/Hardangerfjord kommune/herad | Navn: Ullensvang kommune |
| Administrasjonssenter: Eidfjord | Administrasjonssenter: Odda |
| Helseføretak: Helse Bergen | Helseføretak: Helse Fonna |
| Helseadministrasjon: Ulvik | Helseadministrasjon: Odda |
| Folketal: 6500 | Folketal 11.500 |


Innbyggjarinnvolering

I ein slik prosess er det viktig å innvolvera innbyggjarane. Det vart arrangert folkemøter den 14 og 16 april 2015, samt tre folkemøte etter initiativ frå grendene Ringøy, Vikebygd og Sekse på våren 2015.


I veka 3 i 2016 var det innbyggjarhøyring (fase 3) der 350 personar i Ullensvang vart intervjuat av Norstat/telemarkforskning på vegne av Ullensvang herad. Rapporten og resultatet av undersøkinga vart klare den 8. februar 2016, og presentert i heradsstyre den 15. februar 2016.

Fullstendig rapport ligg på Ullensvang herad si heimeside via linken under her :
<https://dl.dropboxusercontent.com/u/624818/Innbyggerunders%C3%B8kelse%20Ullensvang%20kommune%20%28oversendt%20080216%29.pdf>

Hovudspørsmålet i undersøkinga var kva alternativ ein yngste på ein skala frå 1 til 6 og resultatet er vist i grafen under :



Innbyggjarhøyringa ga også indikasjon på kva tenestetilbod innbyggjarane var nøgd med, og mindre nøgd med :




Den 19. april og 20. april vart det så arrangert nye folkemøter på Utne og i Kinsarvik med stort frammøte.

Folkerøysting

Våren 2016 vart det vedteke i heradsstyret at ein skulle gjennomføre ei folkerøysting den 23. mai 2016. Det var valt eit valstype og ein bestemte at det skulle vera krinsvis røysting. Krinsvis røysting kunne ikkje gjennomførast så det vart i staden lagt til rette for røysting/oppteljing per. postnummer.

Resultatet etter folkerøystinga i Ullensvang fordeler seg slik :



I Ullensvang var frammøteprosenten 65 %. Noko som må seiast å vera eit godt oppmøte som visar engasjement blant folket.

Resultata av folkerøystinga er delt inn etter postnummer, og summert opp totalt som vist over. Resultata for alle dei ulike postnummra ligg vedlagt saka.

Det er fleirtal for Sør på Nå, Grimo, Utne, Hovland, medan det er fleirtal for Nord på Djønno, Kinsarvik og Lofthus. For alle postnummer, med unnatak av Kinsarvik, er det fleirtal for ikkje å dela heradet.

I Sør alternativet røysta Odda for samanslåing med 80% av røystene, og i Jondal var ca. 40% for samanslåing med Odda og Ullensvang.

Frammøteprosenten var på 37,19 % i Odda og 70,64 % i Jondal.

I Nord alternativet røysta Eidfjord mot samanslåing med 62,5% av røystene, medan det i Ulvik og Granvin var 50,8% og 58% for samanslåing i Nord.

Frammøteprosenten var på 68,4% i Eidfjord, 71,2% i Granvin og 57,4% i Ulvik.

Det er Kommune/heradsstyra i dei ulike kommunane som har den endelige avgjerda om samanslåing. Det er planlagt kommunestyremøte 8. juni i Odda, Jondal og Ullensvang, den 15. juni i Ulvik og Granvin, og den 21. juni i Eidfjord.
Uansett kva Ullensvang heradsstyre vedtek, så er ein avhengig av resultata i dei andre kommunane for å kunne gå vidare med ei samanslåing.

Økonomiske konsekvensar

Ved ei samanslåing så er det først og fremst eingongstilskot og reformstøtte ein tener på.

- Eingongstilskot for kostnadar (10 mill. per kommune)
- Reformtilskot (5 mill. for < 14999 innbyggjarar).

Inndelingstilskot

- Vidareført i 15 + 5 år nedtrapping
- Reelt sett inntekter ein har i dag, skal kompensera så ein ikkje tapar på ei samanslåing dei første 15 åra før det gradvis vert redusert over 5 år.

Når det gjeld meir detaljerte økonomiske spørsmål, så visar me til administrativ utgreiing presentert 22. juni 2015 i felles møte i Eidfjord.

Inntektssystemet

Inntektssystemet har stor betydning for heradsøkonomien, og kvaliteten på dei tenestene heradet kan gje innbyggjarane i framtida er avhengig av korleis systemet vert.

Inntektssystemet og korleis det fordeler inntektene i landet er under endring, og endringsforsлага har vore ute på høyring. Ullensvang heradsstyret handsama saka i heradsstyresak 010/16.

Det vart 21.april d.å. inngått avtale mellom Høgre, Framstegspartiet og Venstre i Stortinget om nytt inntektssystem.

Ullensvang vil totalt sett tapa ca. 2,6 millionar, i høve dagens inntektssystem med dei endringane som er føreslegne.

Dei tapte inntektene kjem blant anna av endringar i kostnadsnøklane som ligg til grunn og er stort sett uavhengige av om ein er stor eller liten. Her er det mange kriterier, så som aldersamansetning og tal funksjonshemma som er med på å bestemme kor mykje kvar kommune får i kompensasjon for kostnadane dei har.

Som tidlegare omtala så er det strukturkriteriumet som er det nye elementet i endringane av inntektssystemet. Strukturkriteriumet er eit kriterium som skal hjelpe til å skilja mellom frivillig og ufrivillig små kommunar. Dette gjer ein med å samla innbyggjarane i kvar grunnkrins i heradet og måla kor langt ein må køyra for å treffa 5000 grannar. Det vart lagt til grunn ein grenseverdi på 25,4 km. ved utrekning av basistilskot. Dersom kommunen sin strukturverdi er 25,4 km. eller høgare, vil kommunen framleis få fullt basistilskot. Dersom strukturverdien er lågare enn 25,4 km, vil basistilskotet verta redusert.

Her kjem Ullensvang ut med ein liten minus, men det vert kompansert med tapet andre kommunar har og dermed ein auke i pengane som skal foredelast. Så totalt sett kjem Ullensvang positivt ut med tanke på strukturkriteriumet. Så Ullensvang er såleis (nesten) ein ufrivillig liten kommune.

Distrikstilskot Sør-Norge er eit anna element i inntektssystemet som Ullensvang tapar inntekter på etter endringane som er lagt fram, her får me høgare distriktsindeks som gjer at me mistar tilskot. Ullensvang er ein av dei 5 kommunane i landet som tapar meir enn 1 million på omlegginga av distriktsindeksen.

Distrikstilskotet vert gitt til kommunar med over 3200 innbyggjarar og distriktsindeks frå 0 til 46. Skattenivået må vere under 120 prosent av landsgjennomsnittet. Distriktsindeksen gir uttrykk for distriktsutfordringar gjennom geografi, arbeidsmarknad, inntektsnivå og alderssamsetjing. Jo lågare distriktsindeks, jo større distriktsmessige utfordringar.

Generelt sett er det lagt opp til at fleire element i inntektssystemet skal foredelast per innbyggjar og ikkje per kommune. Det tapar kommunar som har relativt lågt innbyggjartal på.

Tabell under viser berekning på utslag i endringane som KS har utarbeida etter avtalen inngått 21. april. Tala er fortsatt usikre :

| Illustrasjon av fordelingsvirkninger - revisjon av inntektssystemet | | |
|---|-----------------|---------------|
| | Kroner per innb | 1000 kroner |
| I. Utgiftsutjevningen (inkludert gradert basistilskudd) <small>Herav utslag av gradert basistilskudd</small> | -499 183 | -1 696 621 |
| II Småkommunetilskudd | 17 | 58 |
| III Distrikstilskudd Sør-Norge | -297 | -1 008 |
| Sum endring sammenlignet med inntektssystem 2016 | -779 | -2 646 |

Vurdering:

Ullensvang heradsstyre har all makt i denne saka, endringar i inntektssystem, utfordrande geografi og rådgjevande folkeavrøysting bidreg til den viktige avgjerda ein som folkevald skal ta. Det er politikarane i heradsstyret som har den endelege avgjerda, ingen annan. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Ved eit eventuelt vedtak om samanslåing så er det inndelingslova som gjeld. Vedtaka vil verta sendt til fylkesmannen som så skal ta initiativ til innkalling til felles kommunestyremøte med dei involverte kommunane

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70>

Spesielt er det § 25 som legg føringar for den første fasen etter eit eventuelt vedtak om samanslåing :

§ 25Felles kommunestyre- eller fylkestingsmøte

«Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller flere kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra» «På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket*
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget*
- c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova*
- d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda*
- e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.»*

Vegen vidare ved eit eventuelt vedtak om samanslåing er såleis lagt opp i inndelingslova, og deretter er det opp til kommunane å skapa vegen fram til samanslåing.

Vegen vidare om ein vel å stå åleine er opp til heradsstyret, i tett samarbeid og dialog med administrasjonen og innbyggjarane.

Endringar vil det verta uavhengig av om ein slår seg saman eller står åleine.

Rådmannen sitt framlegg:

08.06.2016 Heradsstyret

Framlegg nr. 1 frå ordførar Solfrid Borge (SP):
"Ullensvang herad held fram som eige herad."

Framlegg nr. 2 frå ordførar Solfrid Borge (SP):

"Ullensvang heradsstyre ynskjer å forhandla med slike på å byggja ein ny Ullensvang kommune saman med Odda og Jondal kommunar med basis i underskriven intensjonsavtale og med verknad frå 01.01.2020. Forhandlingsresultatet skal godkjennast av heradsstyret."

Ettersendt dokument i saka:

- Skriv frå næringslivsgruppa v/Lars Inge Torset av 02.06.16 var tilsendt

heradsstyremedlemene pr. e-post.

Røysting:

Framlegg nr. 1 frå ordførar Solfrid Borge (SP) fekk 7 røyster og fall.

Røysting:

Framlegg nr. 2 frå ordførar Solfrid Borge (SP) vart samrøystes vedteke med 15 mot 6 røyster.

HST- 46/2016 Vedtak:

Ullensvang heradsstyre ynskjer å forhandla med sikte på å byggja ein ny Ullensvang kommune saman med Odda og Jondal kommunar med basis i underskriven intensjonsavtale og med verknad frå 01.01.2020. Forhandlingsresultatet skal godkjennast av heradsstyret.